

Føresett tilgang til Visma In School (VIS)

Korleis får føresette tilgang til Visma InSchool?

Føresette kan logge seg på via:

<https://kvinnherad-vgs.inschool.visma.no/Login.jsp#/>

Logg inn med ID-porten.

VIS hentar informasjon om elevens føresette frå det sentrale folkeregisteret (DSF). Føresette som er registrert med foreldreansvar i DSF, overførast med namn og folkeregistrert adresse.

Av omsyn til personvernet kan vi ikkje hente informasjon om føresette til elevar over 18 frå DSF. Elevar over 18 kan etter samtykke tillete skulen å gi føresette tilgang til VIS. I slike tilfeller må føresette registrerast manuelt.

Kva opplysningar kan føresette sjå?

Føresette for elevar under 18 år vil ha tilgang til personalia, timeplan (klasser og grupper), læreplanmål (blir klargjort snarleg) og kontaktopplysningar. Elevar over 18 år kan sjølv bestemme kva føresette/kontaktpersonar skal få tilgang til, av dei tilgangane fylket har gjort tilgjengeleg.

Registrering av kontaktinformasjon til føresette

Førebels må føresette/kontaktpersonar kontakte skulen dersom e-post eller mobilnummer er feil i VIS. Det er viktig at denne informasjonen er rett slik at dei kan motta naudsynt informasjon frå skulen, blant anna i samband med beredskap.